




Nærmiljøprosjektet i Møre og Romsdal 2015-2018

Erfaringshefte



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Innhald

Innhald	1
Om rapporten	1
Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse Møre og Romsdal fylkeskommune	2
Giske kommune	6
Sunndal kommune	10
Ulstein kommune	14
Volda kommune	17
Ørsta kommune	21
Ålesund kommune	25
Høgskulen i Volda	27

Om rapporten

Denne rapporten formidlar erfaringar frå deltaking i prosjektet *Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse* (Nærmiljøprosjektet). Seks kommunar i Møre og Romsdal har delteke i Nærmiljøprosjektet; Giske, Sunndal, Ulstein, Volda, Ørsta og Ålesund. Møre og Romsdal fylkeskommune har hatt prosjektleiaransvaret, og Høgskulen i Volda har følgd prosjektet. Erfaringane i heftet er først og fremst knytt til korleis kommunane har arbeidd med måla i prosjektet. På oppdrag frå Møre og Romsdal fylkeskommune, har Høgskulen i Volda hatt ansvar for regional evaluering av prosjektet. Eit samandrag frå den regionale evalueringa er innarbeidd i denne rapporten.

Om lag førti kommunar frå åtte fylke har delteke i dette nasjonale prosjektet som starta opp hausten 2015 og gikk ut 2018. Det vil bli oppretta ein nasjonal idébank for prosjektet.

Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse

Møre og Romsdal fylkeskommune har saman med seks kommunar og Høgskulen i Volda delteke i det tre-årige «kartleggings og utviklingsarbeidet om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse», kjend som Nærmiljøprosjektet.



BAKGRUNN

Helsedirektoratet fikk i 2015 i oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet å gjennomføre eit kartleggings- og utviklingsarbeid om nærmiljø- og lokalsamfunn som fremmar folkehelse. Arbeidet er eit ledd i å implementere folkehelselova om å ha oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar helsa som kunnskapsgrunnlag for kommunale planprosessar og tiltak. Det er særleg §5 c i folkehelselova som er sentral, den seier at kommunane sin oversikt mellom anna skal baserast på; «kunnskap om faktorer og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn som kan ha innvirkning på befolkningens helse».

Utviklingsarbeidet inkluderer eit utval av kommunar i fleire fylke, og legg til rette for medverknad frå befolkninga i kartlegging og identifisering av kvalitativ kunnskap om kvalitetar ved nærmiljøa som anten hemmar eller fremmar helse og trivsel.

Helsevennleg nærmiljø- og lokalsamfunnsutvikling set menneske i sentrum for samfunnsutviklinga. Gode stadar og lokalsamfunn kan gi stor folkehelsemessig gevinst. Nærmiljøprosjektet legg difor til grunn at kommunane best kjenner egne utfordringar og moglegheiter, og støttar prosessar som gjer at folk flest får auka innflytelse over eigen kvardag og sitt eige lokalmiljø. Erfaringane frå prosjektet vil kunne overførast til utviklings- og planprosessar i kommunane, samt til program for folkehelsearbeid i kommunane (folkehelseprogrammet).

Dei faglege perspektiva for å forstå nærmiljø og lokalsamfunn kan vere frå eit arealperspektiv (som parkar og grønstruktur), frå eit psykologisk perspektiv (som møteplassar), og frå eit miljøperspektiv (som forureining, støy), frå eit samferdselseperspektiv (som gåing, sykling, og kollektiv) eller eit sosialantropologisk perspektiv (som integrering og kulturforståing) og eit sosiologisk perspektiv (som gruppetilhørse).

MÅL FOR PROSJEKTET

Hovudproblemstillinga for dette utviklingsarbeidet er slik: «Hvordan kartlegge og identifisere nærmiljøkvaliteter gjennom medvirkning fra lokalbefolkningen? Hvordan understøtte prosesser som gjør at folk flest får økt innflytelse over sin egen hverdag og sitt eget lokalmiljø? Arbeidet bør ses i sammenheng med annen kunnskapsinnhenting og kommunens ordinære utviklings- og planarbeid».

Det er utarbeidd nasjonale mål og delmål for prosjektet som er felles for alle.

Hovedmål: *Gode nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse*

Delmål:

- Bedre kvalitative utfordringsoversikter på folkehelseområdet som kunnskapsgrunnlag for kommunale plan- og beslutningsprosesser
- Bedre kunnskap om hva som bidrar til livskvalitet og trivsel, og om hvordan folk har det i lokalsamfunnene
- Utvikling av egnede metoder i medvirkningsarbeidet
- Å legge grunnlag for konkrete tiltak i samsvar med lokale folkehelseutfordringer
- Tilrettelegging for kompetansebygging med regionale utdanningsinstitusjoner om nærmiljø og lokalsamfunnskvaliteters betydning for folkehelse

SENTRALE MOMENT I SØKNADEN FRÅ MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE:

I søknaden til Helsedirektoratet om å bli deltakar i prosjektet i 2015, la Møre og Romsdal fylkeskommune mellom anna vekt på følgjande:

- Fylkeskommunen har eit tett samarbeid med kommunane i folkehelsearbeidet mellom anna gjennom Partnerskapet God Helse
- Det er utarbeidd eiga Regional delplan for folkehelse (2014-2017)
- Det er utarbeidd skriftleg Oversikt over folkehelsa i Møre og Romsdal (2015)
- Fylkeskommunen har hatt eit nært samarbeid med høgskulane i fylket, og studiet Helse og Omsorg i plan blir gjennomført i regi av Høgskulen i Volda
- Fylkeskommunen var med i prosjektet Helse i plan i saman med seks kommunar (2006-2010)
- Seks kommunar ønskjer å delta i prosjektet, og alle har gode søknader som er forankra i kommunale vedtak/planer
- Fylkeskommunen og ein av kommunane er medlemmar av nettverket Sunne kommunar
- Det er sett i verk ei kommunekartlegging om barn og unge sine oppvekstvilkår i samarbeid med Fylkesmannen

SEKS KOMMUNAR

Dei deltakande kommunane hadde i sine søknader til fylkeskommunen litt ulike fokus, tilnærmingar og ønskje om å bruke ulike metodar for medverknad i sine prosjekt. Fylkeskommunen såg potensialet i at ein gjennom prosjektet ville kunne skape ein god og dynamisk utviklingsarena. Det ble ved starten av prosjektet inngått eigne samarbeidsavtalar med kommunane for heile prosjektperioden.

HØGSKULEN I VOLDA

Fylkeskommunen hadde gode erfaringar gjennom fleire år med å samarbeide med Høgskulen i Volda som har eit sterkt

fagmiljø på området. Årlege samarbeidsavtalar mellom høgskulen og fylkeskommunen ble inngått. Samarbeidsavtalen omfatta;

- kompetansebygging
- integrering i utdanning
- «følgje med» rolle

Høgskulen i Volda har delteke på alle samlingar med kommunane.

På oppdrag frå Møre og Romsdal fylkeskommune ble det i mars 2018 inngått ein eigen avtale med Høgskulen i Volda om regional evaluering av Nærmiljøprosjektet i Møre og Romsdal. (Helsefremmande nærmiljø og lokalsamfunn, Rapport nr. 94/2019, Høgskulen i Volda).

I tillegg har Høgskulen i Volda fått i oppdrag å gjennomføre ei følgjeevaluering av den nasjonale satsinga på prosjektet. Dette ble gjennomført i perioden januar 2017 – november 2018.

ORGANISERING I FYLKESKOMMUNEN

Leiinga av prosjektet i fylkeskommunen har vore lagt til seksjon folkehelse og fysisk aktivitet i kulturavdelinga. Arbeidet har vore eit tverrfagleg prosjekt i fylkeskommunen og fagpersonar frå ulike avdelingar har delteke i prosjektet, særleg gjeld dette plan- og analyseavdelinga og regional- og næringsavdelinga. Det har ikkje vore etablert noko arbeidsgruppe eller styringsgruppe for prosjektet i fylkeskommunen. Det er orientert om prosjektet i fylkeskommunen si leiargruppe og i ulike avdelingar.

TEMA PÅ SAMLINGAR FOR KOMMUNANE I MØRE OG ROMSDAL

Dei seks kommunane har vore samla 3-4 gonger i året. Kommunane har undervegs i prosjektet blitt invitert til å kome med ønske om tema.

Tema på samlingane har mellom anna vore;

- Medverknad (bakgrunn for medverknad, medverknad i lov)
- Prosessleiing og relasjonskompetanse
- Studietur til Groruddalen; om medverknad tidleg i planprosessen
- Prosjektleiing (organisering, verktøy, erfaringar, økonomi)
- Samling knytt til tettstadskonferansen Åndalsnes (sosiale byar, kommunen som stadutviklar, medverknad og involvering, byrom og byromsutvikling, sambruk i sentrum)
- Analyse av data
- Tilskot til tiltak
- Kommunikasjonsplaner
- Systematisere data/informasjon til kunnskap
- Forankring på tvers av sektorane
- Samling med synfaring til Ulstein Arena og Ulsteinvik sentrum
- Grunnlag for planer og avgjerder i kommunen
- Erfaringar frå nærmiljøprosjektet i Stord kommune
- Korleis framstille og dokumentere det vi ser
- Samskaping

Sentralt tema på samlingane har også vore erfaringsutveksling, diskusjonar rundt rapportering og evaluering av prosjektet.

TEMA PÅ NASJONALE SAMLINGAR I PROSJEKTET

Ein gong kvart år i prosjektperioden har det vore felles konferanse for alle åtte fylkeskommunane, dei 40 kommunane og utdanningsinstitusjonane som er knytt til dei fylkesvise prosjekta.

Tema her har mellom anna vore;

- Ulike metodar for medverknad
- Nærmiljøsatsingar
- «Bustad for velferd»
- Kommunikasjon som verkemiddel
- Hente inn kunnskap gjennom medverknad
- «Forsker, utreder, konsulent eller utfører? Refleksjoner om de ulike rollene kommunene kan ha i nærmiljøprosjektet»
- Utdanningsinstitusjonane si rolle
- Frivilligheitspolitikk
- Frå kunnskap til planer og handling
- Evaluering av plan- og bygningsloven sett i lys av folkehelseloven
- Nærmiljøindikatorar i lys av FN sine berekraftsmål
- Medverknad som metode i kommunalt utviklingsarbeid
- Evaluering av nærmiljøprosjektet

Sentralt har også vore kommuneeksempel frå deltakande kommunar.

FORMIDLING FRÅ PROSJEKTET I MØRE OG ROMSDAL

- Erfaringar frå nærmiljøprosjektet er formidla på samlingar for folkehelsekoordinatorane i kommunane
- Erfaringar frå nærmiljøprosjektet er formidla på samlingar for planleggarar og dei som arbeider med spelemidlar i kommunane, i tillegg til ulike andre møte ute i kommunane
- Det er orientert om nærmiljøprosjektet på samlingar for ordførarar og rådmenn
- Erfaringar frå nærmiljøprosjektet er formidla på plankonferansar, på tettstadskonferansen i 2017, i tillegg til temadagar om inkluderande lokalsamfunn i 2018 og 2019
- Nærmiljøprosjektet har vore omtalt på nettsider, i sosiale media, i radio og aviser
- Det er orientert om nærmiljøprosjektet i fylkeskommunen sine råd; ungdomsrådet, rådet for likestilling av funksjonshemma og elderrådet

I tillegg har kommunane formidla sine erfaringar i ulike forum og samlingar i kommunane.

LÆRDOM

- Vi har fått meir kunnskap om betydinga av medverknad og om ulike metodar for medverknad, og vi ser at det er viktig å variere metodar, sette av nok tid, møte folk der dei er/på deira arenaer
- Vi har fått bekrefte våre tidlegare meiningar om kva som bidreg til trivsel og livskvalitet i lokalsamfunna. Sosiale faktorar som møteplassar og kulturtilbod, og fysiske faktorar som nærleik til tenester, grøntområde og utbygging som tek vare på stadkvalitetar er viktig. Desse faktorane heng også saman og er viktige fordi dei mellom anna bidreg til tryggleik, tilhøyrslø og tilgjenge
- Vi har lært at det er viktig å knyte innspel frå medverknadsprosessar til anna kunnskap som fagkunnskap, forskning og anna
- Vi har sett at det har stor verdi å samarbeide med utdanningsinstitusjonar og kommunar over tid kopla opp til eit tema
- Vi har fått ei stadfesting på at gode kunnskapsgrunnlag er viktig som grunnlag for avgjerder og planer

FRAMOVER

Det vil i ulike samanhengar vere aktuelt å formidle erfaringar frå prosjektet, i tillegg til å formidle skriftlege rapportar og den nasjonale idébanken som skal opprettast. Dei erfaringane fylkeskommunen har gjort seg gjennom deltaking i prosjektet må fortsette og vidareutviklast gjennom deltaking i Program for folkehelsearbeid i kommunane 2017-2017 (folkehelseprogrammet), og i folkehelsearbeidet generelt.

Prosjektleder: Sigrí J. Spjelkavik.

E-post: sigri.spjelkavik@mrfylke.no

Telefon: 71 28 03 04/953 38 348



Studietur til Groruddalen, 2016. Foto: Møre og Romsdal fylkeskommune.



Randi Bergem, avslutningskonferansen i Stavanger 2018. Foto: Tord Paulsen.



Paneldebatt leia av Roar Amdam, Høgskulen i Volda på avslutningskonferansen i Stavanger 2018. Peggy Ranheim, Sunndal kommune deltok (nr. 2 frå venstre). Foto: Tord Paulsen.

Giske kommune

Innbyggartal: 8428

Prosjektleder:

Torill Valderhaug

E-post:

tval@giske.kommune.no

Telefon: 70 18 81 15 /417 02 320



Foto: Torill Valderhaug. Frå Destinasjon Roald og arrangementet Bygdepuls.

Bakgrunn for deltaking	Organisering	Betre kvalitative utfordrings-oversikter	Betre kunnskap om kva som bidrar til livskvalitet og trivsel
Giske er ein vekstkommune med ei ung befolkning. Veksten kan vere med å forme og endre oss, og fører til at spørsmål knytt til eigenskapar og kvalitetar ved nærmiljøet og lokal-samfunnet vert aktuelle. MØTEPLASSAR, IDENTITET OG TILHØYRE Resultat frå bl.a. innbyggjarundersøking og Ungdata 2013 bidrog til at spørsmål om liten tilgang på, eller opplevinga av liten tilgang på sosiale møteplassar påverkar relasjonar, identitet og det å høyre til i negativ retning. Dette kan omhandle både formelle/uformelle, offentlege/private sosiale møteplassar, men og rommet mellom husa. Det har vore ein tendens til at ein skaper mellomrom mellom husa, framfor ute rom der naboar kan treffast, relasjonar skapast og identitet og det å høyre til blir etablert. Samspelekkommunen Giske har sett som eit av sine fire satsingsområde at Giske skal vere ein god plass å bu. Då skal vi blant anna ha attraktive møteplassar.	Folkehelsekoordinator har vore prosjektleder og har samarbeida med ulike aktørar i ulike fasar av prosjektet. Det administrative planforumet har vore prosjektgruppe. FORANKRING Politikarane signaliserer at medverknadsarbeid er ønska og nødvendig. Deltaking i ulike aktivitetar i prosjektet har det vore positiv respons på, og samarbeidet med NMBU og presentasjonar for politikarane har vore positivt teke i mot. Nærmiljøprosjektet vart undervegs kopla til Omstillingsprogrammet Giske2030.no. Programmet hadde betre forankring, både administrativt og politisk, og det er grunn til å tru at det var positivt for nærmiljøprosjektet at ein synleggjorde koplingane. Dette særleg med tanke på arbeide med meiropen kommune og meirope bibliotek. Ei viktig erfaring er at prosjektet burde hatt enda betre forankringsprosess i starten av prosjektet.	Kunnskap som er samla i samband med prosjektet er foreløpig ikkje innlemma i heilheit i folkehelseoversikt. Unntaket her er Ungdata. Resultata frå Ungdata 2017, både i form av kvantitative data frå rapportar og kvalitative data frå tolkingsarbeid er gjort tilgjengeleg og er presentert i ulike forum, inkludert politiske. Kunnskapen og kompetansen som er opparbeida i prosjektet samla sett er mangfaldig og dreier seg både om konkrete innspel og om kompetanseheving blant både innbyggjarar, tilsette og politikarar. Prosjektet har gitt betre oversikt over kva som bidreg til trivsel og livskvalitet. Noko er ny kunnskap og noko er meir stadfesting av antakingar. Kunnskapen er nytta inn i fleire samanhengar, som til dømes retningslinjer/føresegner i ny arealplan og som del av drøftingar og innspel i ulike plan- og avgjerdsprosessar.	Prosjektet har gitt oss betre oversikt over kva som føre til trivsel, både i form av stadfesting av antakingar, ny kunnskap og meir systematisk kunnskap. Innbyggjarane i Giske har ønske om og behov for fleire møte mellom folk. Vi ser at butikkane, lag- og organisasjonslivet og naturen i dag fungerer som viktige møteplassar, men at det trengs fleire hyggelege stadar å møte andre (både planlagt/organisert og ikkje-planlagt/uorganisert). I tillegg ser det ut til at utbygging som tek vare på stadskvalitetar er viktig for opplevinga av identitet og det å høyre til i kommunen. KORLEIS HAR FOLK DET I Ungdata kjem det fram at tema som stress, press og einsemd/fellesskap er knytt til mellommenneskelege forhold og det ein kan kalle tonen i samfunnet. Oppleving av at det eksisterer ein fasit for kven ein skal vere og kva ein skal gjere kan både skape stress og press, og det kan stå i vegen for opplevinga av fellesskap.

Synleggjer kvalitetane ved gode møteplassar i kommunen



Medverknad	Grunnlag for tiltak	Kompetansebygging med utdannings-institusjonar
Samarbeidet med NMBU har gitt kommunen innsikt og erfaring med fleire metodar. Vår erfaring er at det er viktig å variere metodikken slik at ein rommar både det språklege, skriftlege og visuelle, samt varierer individuelt arbeid og samarbeid. Ei anna erfaring er at det er krevjande å summere opp og analysere innspela – kva blir sagt, kva blir ikkje sagt, og kva betyr det faktisk. I tillegg ser ein at det er viktig å spisse metodikken og spørsmåla for å få relevante drøftingar og innspel. I arbeidet med Ungdata var vi opptatt av at ungdommane skulle vere med å tolke resultata, og det kom tydeleg fram at personar med ulik fagleg bakgrunn, ulik alder, ulik erfaring etc., tolkar og forklarar resultata ulikt. Medverknad som kapasitetsbygging er langsiktig arbeid der kommunen må vere bevisst si rolle og framferd slik at ein bidreg til å bygge gjensidig tillit.	Arbeidet i prosjektet har lagt eit grunnlag for å arbeide med møteplassar, inkludert biblioteket. Ein håper i tillegg at prosjektet kan ha motivert og engasjert innbyggjarar slik at ein får effektar utover det kommunen er direkte involvert i. Prosjektet har vist at butikken, naturen og lag- og organisasjonslivet er viktige møteplassar i dag. TILTAK Det er viktig for innbyggjarane og for tilliten at det kjem noko ut av medverknadsprosessar. Dette er til dømes bakgrunnen for eit initiativ frå kommunen våren 2018 om å gjere butikken til ein meir attraktiv møteplass, med oppmoding til butikkane om å skape ein hyggeleg benk for ein sommar-is eller ein prat. I tillegg er det noko av motivasjonen for Kulturdagane i Giske 2018, der lag og organisasjonar får vist seg fram, samstundes som innbyggjarane få betre oversikt over tilbod og moglegheiter.	Samarbeidet med Høgskulen i Volda har vore nyttig og lærerikt. I siste del av prosjektet vart ein meir bevisst at ein med fordel kunne ha nytta seg meir av den kompetansen høgskulen sit på, i form av meir direkte kontakt. Samstundes var innlegg og drøftingar på samlingane viktige, både som inspirasjon, rettleiing og kompetansebygging. NMBU Kommunen har samarbeida med Norges miljø- og biovitenskapelige universitet gjennom prosjektet, med institutt for landskapsarkitektur. Dette har vore nyttig med tanke på å lære ulike medverknadsmetodar, få innsikt i korleis landskapet påverkar menneske si åtferd og trivsel. Ein ser nære og nyttige koplingar mellom landskapsarkitektur, folkehelse og samfunnsplanlegging.

Utdrag frå sitat, bilete, arbeid og reportasjar i samband med Nærmiljøprosjektet i Giske kommune.

Ungdata – korleis forstår vi tala?

Arbeid med Ungdata undersøkinga 2017 har vore ein viktig del av nærmiljøprosjektet i Giske. Gjennom eit grundig tolkingsarbeid har vi gått frå å ha kvantitative data i form av rapportar til også å ha eit mangfaldig og verdifullt kvalitativt datagrunnlag om korleis det er å vere ungdom i Giske.

Ungdata 2013 var noko av bakgrunnen for at Giske søkte om deltaking i Nærmiljøprosjektet. Dette fordi vi såg element i resultatane frå undersøkinga som ga grunnlag for å sette fokus på tilgang på, eller opplevinga av tilgang på møteplassar.

Gjennom arbeidet i nærmiljøprosjektet har vi kome stadig nærare ei erkjenning av at vi manglar særleg dei uorganiserte møteplassane, og at dette er ei utfordring for oss. Blant funna i Ungdata 2017 var høge tal på opplevd einsemd og mykje skjermtid utanom skulen. Det er ikkje sjølvstendig, men det er likevel nærliggjande å spørje om dette kan koplest til tilgjenge på møteplassar.

FRÅ KVANTITATIVE TIL KVALITATIVE DATA

Ved ny Ungdata-undersøking i 2017 ønska vi betre forståing for resultatane, og vi sette som mål at ungdommane sjølve måtte få tolke resultatane og teikne dei inn i ein kontekst.

Folkehelsekoordinator samarbeidde med medlemmar i Barn og unges kommunestyre (BUKS) for å velje ut interessante og viktige tema og resultat. Dette vart grunnlaget for ein arbeidsprosess i 9. og 10. klasse ved begge ungdomsskulane. I løpet av ei god arbeidsøkt fekk elevane først presentert ei rekke resultat frå Ungdata og svarte individuelt i utarbeida skjema på om desse utvalde resultat stemmer, om det gjeld dei sjølve, og dei sette på kommentar/forklaring. Deretter vart dei delte i grupper og arbeidde med ulike tema. Blant tema var stress og press, skjermbruk, nærmiljø, fritid og kulturtilbod, og utestenging. Gruppene fekk først arbeide med ein omvendt metodikk der dei drøfta og skreiv kva ein må gjere for å nå mål som til dømes at området vi bur på skal bli dårleg, eller at so

mange som mogleg skal kjenne seg so utestengde som mogleg. Til slutt skulle gruppene lage ein visjon for det gitte tema og drøfte kva ein må gjere for å få det slik. Gruppene presenterte arbeidet sitt for dei andre i klassen, og ein fekk då gode refleksjonar og drøftingar i klasserommet.

Resultatet og materiellet frå arbeidet i klassene vart samla i ein presentasjon som inkluderer fem korte filmar. Desse filmene vart laga av produksjonsselskapet Fuglefjellet, og gir eit innblikk i resultatane og tolkingane av dei. Forhåpentlegvis vekker dei interesse til å gå vidare inn i Ungdata-resultatane.

FORMIDLING OG VIDARE ARBEID

Resultatane frå arbeidet er organisert i fem tema, med ein film til kvart tema; lokalområde, skjerm og fritid, skulekvardagen, press og stress, og fellesskap. Arbeidet og filmene er presentert for alle politiske komitear, på ungdomsskulane, i kommunestyre osv. Filmene er lagt på YouTube og delte på Facebook, og ein har prøvd å gjere materiellet kjent for so mange som mogleg. Mange gode refleksjonar og diskusjonar er allereie i gong, og fleire tema er sette på agendaen for tida framover, både politisk og administrativt, og i skulen.

Arbeidet har gitt Ungdata-undersøkinga stor merksemd og mange ungdommar har fått delteke i eit omfattande medverknadsarbeid.

Vår erfaring er at dette arbeidet har gitt oss eit verdifullt kvalitativt materiale på korleis ungdom har det i Giske. Det har gitt oss større grad av felles forståing av kvar skoen trykker, og blant anna ser ein at fleire sosiale møteplassar kan fungere som tiltak og løysing på fleire utfordringar.



Erfaringar

KORLEIS PÅVERKAR PROSJEKTET DEI TILSETTE?

To av dei som har vore involvert i Nærmiljøprosjektet i Giske er tidlegare rådmann Marit Elisabeth Larssen og kultursjef Frode Elias Synnes. Dei har fått spørsmål om korleis nærmiljøprosjektet vil påverke deira arbeid og kva det vil bety for måten å arbeide på framover.

«I Giske kommune, som i mange andre kommunar, brenn dei tilsette for å gi gode tenester, og drifta får mest fokus. Slik skal det sjølvsagt også vere. Samtidig synes vi at større utviklingsoppgåver og –prosjekt er spennande, veldig spennande. Men det er ikkje alltid ein får nødvendige ressursar til å jobbe med grunnlaget for prosjektet før ein skal over til gjennomføringsfasen. I ein slik situasjon baserer ein i stor grad sine tiltak på det dei involverte – innbyggjarar, politikarar, tilsette – kjenner av utfordringar og utviklingstrendar frå før av. Gjennom nærmiljøprosjektet meiner eg at vi er fleire som har forstått kor viktig det er med eit meir overordna perspektiv. Vi må i mykje større grad enn før våge ta eit steg tilbake, skaffe oss ny og oppdatert kunnskap om det aktuelle temaet, rette fokus mot målet for aktuelle prosjekt før ein går til tiltaks- og gjennomføringsfase. Med dei utfordringane vi ser for det norske samfunnet og offentleg sektor framover, er det viktig at medverknad vert gjort reell i fleire fasar enn tradisjonelt.», seier Frode Elias Synnes.

Marit Elisabeth Larssen seier at deltaking i prosjektet har inspirert til meir tverrfagleg arbeid. Internt i kommunen - men viktigast utadretta ved at kommunen gjennom prosjektet har fått høve til å invitere innbyggjarar, næringsliv og andre til opne fagseminar. Vi har fått innsikt i og kunne dele kunnskap og erfaringar frå utdanningsinstitusjonar, kommunar og eksterne fagmiljø.

«Det har endra min måte å arbeide på ved at eg ser verdien av tidleg medverknad og opnare prosessar når nærmiljø og lokalsamfunn vert sett «under lupa».

Det samspelet vi har fått til, byggjer respekt og tillit, og skaper forventningar - men også forståing for kva som er muleg og kva ein ikkje kan få til».

«Eg tek dette med meg vidare i mitt arbeid», avsluttar Larssen.



Ungdata

Bilete over viser eit av resultatata frå gruppearbeid av elevar i 10.klasse. Tema her var press og stress, og oppgåva var å seie noko om korleis dei ønsker at det skal vere for å unngå stress og press blant ungdom.



Kvalitetar ved gode møteplassar

Bilete over viser resultatet av gruppearbeidet til elevar som arbeidde med tema møteplassar. Samarbeid med NMBU i 2017.

Sunndal kommune

Innbyggertall: 7074

Prosjektleder:

Peggy Ranheim

E-post:

peggy.ranheim@sunndal.kommune.no

Telefon: 902 48 841



Hvordan er ditt **NÆRMILJØ**? Hva gjør at du **TRIVES**?
Hva er en god **MØTEPLASS** for deg? Visste du at du kan være med å **PÅVIRKE**?

Foto: Sigrunn Rødset. Design: Amfi Krativ AS.

Bakgrunn for deltaking	Organisering	Bedre kvalitative utfordrings-oversikter	Bedre kunnskap om hva som bidrar til livskvalitet og trivsel
Statusrapporten for folkehelse i Sunndal kommune 2015, viste til mangel på uformelle møteplasser for hele befolkningen, i sentrum og i kretsene. Kommunen hadde lite kunnskap blant annet om hva slags møteplasser innbyggerne ønsker og hvor det er behov for møteplasser. Erfaringsmessig kommer ikke nødvendigvis de man ønsker å få i tale til de tradisjonelle folkemøtene, det var derfor et behov for å øke kunnskap om og forståelse for mekanismene med medvirkning. En annen viktig bakgrunn var å få alle sektorer og forvaltningsnivåer (politisk, administrativt og faglig) til å føle et ansvar for folkehelsearbeidet i kommunen.	Prosjektgruppa har vært bredt sammensatt og har bestått av ni personer med representanter fra plan-, miljø- og næringstjenesten, kulturtjenesten og innvandringstjenesten. Fra politisk hold er prosjektgruppa styrket med en deltaker fra oppvekst- og omsorgsutvalget, en fra teknikk-, miljø- og kulturutvalget og en fra formannskapet. Folkehelsekoordinator har i samarbeid med informasjonsleder i kommunen ledet prosjektet. Kommunestyret har vært formell styringsgruppe.	Sunndal kommune er en forholdsvis liten og oversiktlig kommune hvor det ofte er kort vei fra publikum til både administrasjon og politikere. Dette gjør at kommunale etater jevnlig får synspunkter fra befolkningen på ulike forhold, og at problemer ofte blir tatt tak i og tiltak iverksatt på ganske kort tid. Det som har manglet er en mer systematisk innhenting av synspunkter fra befolkningen før iverksettelse av tiltak. Arbeidet med kommunens folkehelseoversikt har fått økt oppmerksomhet, og inntrykket er at oversiktsarbeidet har fått større legitimitet i kommunen. Kommunens planarbeid bærer i dag mye større preg av bredde i kunnskapsgrunnlaget enn tidligere. Dette gir mer treffsikre planer og tiltak.	Gjennom ulike medvirkningsprosesser i prosjektperioden er det innhentet en god del kunnskap om hva som bidrar til livskvalitet og trivsel i befolkningen. Denne kunnskapen ligger nå til grunn i blant annet kommuneplanens samfunnsdel og arealdel, og vil bli brukt i kommunens folkehelseoversikt som utarbeides i 2019. Ved utarbeidelse av planer har kommunen alltid gjennomført medvirkningsprosesser i henhold til plan- og bygningsloven. Tidligere var dette mer tradisjonelle metoder som faste høringsrunder og åpne møter. Gjennom Nærmiljøprosjektet er medvirkningsarbeidet utvidet og bevisstheten om betydningen av folk sin opplevelse av livskvalitet og trivsel er økt.



Medvirkning	Grunnlag for tiltak	Kompetansebygging med utdannings-institusjoner
I Sunndal kommune er mange ulike former for medvirkning testet ut gjennom Nærmiljøprosjektet, noen metoder har vært mer vellykket enn andre. Uansett har vi gode erfaringer med oss i videre arbeid. Gjennom å ha drevet medvirkningsarbeid på mange ulike arenaer har vi erfart at ved å oppsøke folk der de er, er det lettere å få innspill fra de som vanligvis ikke uttaler seg. Vi ser at det å drive medvirkning fra starten av i kommunale prosesser er tidkrevende, og vil føre til at vi må endre oss på flere områder. Blant annet må politiske vedtak som fattes gi administrasjonen lengre tidsfrister for gjennomføring, og vi må finne metoder å bearbeide data på tvers av fag og tjenester. Omfanget av innbyggerinvolvering i de kommunale prosessene er betraktelig større nå enn tidligere.	Da kommunen ble med i nærmiljøprosjektet ble det tidlig besluttet at prosjektet skulle bidra inn i allerede pågående planarbeid, eller nye som dukket opp underveis. Nærmiljøprosjektet i Sunndal har blant annet bidratt i utvikling av et leke- og aktivitetsanlegg som delvis er realisert. Medvirkningsprosessen i dette prosjektet resulterte også i «Sett farge på Sunndal», som du kan lese mer om i bildeteksten. Med bakgrunn i gode erfaringer fra Nærmiljøprosjektet ble det klart at kommunen har behov for å arbeide mer tverrfaglig og tverretattlig i en del planprosesser. Som følge av dette oppnevnes plangrupper i forbindelse med for eksempel reguleringsplaner, der de ulike fagmiljøene samarbeider for å oppnå best mulig løsning i samarbeid med blant andre barnerepresentant og folkehelsekoordinator. Et riktig og viktig tiltak.	Både prosjektgruppa, politikere og kommunens administrasjon har deltatt på ulike seminarer og konferanser. Gjennom dette er kunnskapen om og forståelsen for behovet for økt kunnskapsgrunnlag i kommunale planprosesser styrket. Høgskolen i Volda, som vår utdanningsinstitusjon i prosjektet, har bidratt gjennom prosjektleder-samlinger, men har også vært tett på prosjektleder med rådgiving ved behov. Høgskolen har også bidratt til økt kunnskap i kommunen gjennom presentasjon av prosjektets status underveis. Det at vi har hatt en utdanningsinstitusjon med oss på laget i prosjektperioden har også trolig bidratt til større legitimitet for folkehelsearbeidet i kommunen.

Bilde: I medvirkningsprosessen knyttet til realisering av et leke-aktivitetsanlegg og badeplass på Sunndalsøra var både barn og voksne spurt. Gjennom denne prosessen kom det frem at mange av barna ønsket seg mer farge i sentrum. På bakgrunn av dette ble prosjektet «Sett farge på Sunndal» en realitet. Her fikk ungdom utfolde seg med å male street-art på strømbokser rundt om i sentrum, og en midlertidig kunstinstallasjon fikk pryde torget vårt sommeren 2018. Skissen over er en arbeidsskisse som viser kunstinstallasjonen -en tredimensjonal figur av logoen til Sunndal.com med husene vi bor i, den grønne fabrikk, det kreative egget, kulturbåten og ikke minst fjella og fossene som vi er så stolte av.

Skissen er utformet av illustratør Bergljot Hals.



Prosjektet *Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse* ga mulighet til å få bedre kunnskap om hva som bidrar til innbyggernes livskvalitet og trivsel, og hvordan folk har det i lokalsamfunnet vårt.

Prosjektet gjorde det ikke minst mulig å skape en arena på tvers av fag, og mellom forvaltningsnivåer, for å oppnå større forankring i kommunens folkehelsearbeid.

FORANKRING

Tverrfaglighet og samarbeid mellom forvaltningsnivåer i arbeidet har vært viktig for oss i arbeidet med Nærmiljøprosjektet. Den bredt sammensatte prosjektgruppa ga automatisk en god forankring.

Det at vi hadde politikere med i prosjektgruppa mener vi også har vært en styrke. Politikerne våre har vært ivrige deltakere i prosjektperioden og de har bidratt med å videreføre kunnskap og erfaringer inn i det politiske arbeidet i kommunen.

Som et ledd i forankringsarbeidet arrangerte prosjektlederne i Sunndal og Giske et felles arbeidsseminar for politisk og administrativ ledelse i begge kommunene under prosjektets første år. Tema for seminaret var samfunnsutvikling i et folkehelseperspektiv, og medvirkning som metode for kunnskapsinnhenting. I tillegg til kunnskapsformidling var det også lagt opp til erfaringsdeling mellom kommunene.

BEDRE KVALITATIV KUNNSKAP I PLANARBEID

Prosjektet #trivselisunndal har kartlagt hva innbyggere mener er gode nærmiljøkvaliteter og møteplasser i Sunndal, og lagt til rette for at innbyggerne kan delta aktivt i å utvikle lokalsamfunnet.

Målgrupper for kartlegging og medvirkning har i utgangspunktet vært alle innbyggere i kommunen. Prosjektet har fulgt allerede pågående og planlagte prosesser og har i sum gått bredt ut og snakket med innbyggere i alle aldre.

Gjennom å bruke ulike medvirkningsmetoder har vi nådd ut til flere enn de som vanligvis er involvert, også de en sjelden får innspill fra i kommunale prosesser. Å stå på stand en ettermiddag i felles foajé til svømmehall, sportshall og kulturskole ga oss for eksempel muligheten til å møte småbarnsforeldrene som viste seg å være ivrige bidragsytere når vi bare møtte dem der de er. En nyttig erfaring å ta med seg videre.

Å koble medvirkning til kommunale arrangement var også vellykket. Høsten 2018 arrangerte Nærmiljøprosjektet i samarbeid med pleie- og omsorgstjenesten «Seniorkonferansen - Leve hele livet». Konferansen kom i stand som et alternativ til pleie- og omsorgstjenestens forebyggende hjemmebesøk. Her fikk kommunens seniorer 70+, tips og råd om hvordan en kan forberede seg på en god og aktiv alderdom gjennom lærerike og inspirerende foredrag med temaene «Velferdsteknologi» av Tone Bye fra pensjonistforbundet, «God nok –utgangspunkt for et godt liv som senior» av psykolog Trond Haukedal og Per Inge Torkelsen

med sin foredrag «De gamle har fått nok!». I pausene fikk seniorene anledning til å besøke de over 20 stands som hadde rigget seg til. Her fikk de møte flere av kommunens tjenester som planleggere, brann- og feievesen, hverdagsmestring og kulturskole. Næringsliv, frivillige lag og organisasjoner, sexolog, politikere, med flere, deltok også med stand. En vellykket arena for medvirkning!

I alt 140 av kommunens seniorer tok turen til kulturhuset denne dagen, og 85 besvarte spørreskjema med evalueringsspørsmål om konferansen, synspunkt på hva Sunndal kommune bør jobbe med i årene som kommer og litt om egen situasjon i forhold til ensomhet og lignende. Dette er vi svært fornøyd med!

Folkehelseperspektiv og reell medvirkning i alle kommunale prosesser, samt tiltak som fremmer folkehelse har fra starten av vært ønska effektmål for prosjektet. Dette mener vi langt på vei å ha oppnådd gjennom å jobbe med forankring, skaffe oversikt, utarbeide medvirkningsverktøy og ikke minst gjennom synlige tiltak. Vi har opparbeidet kompetanse om medvirkning og lokalsamfunnskvaliteter i administrasjon og politiske organ, og vi ser at medvirkning har fått mye større plass i kommunes planprosesser sammenlignet med tidligere.

TILTAK

Flere konkrete tiltak er under planlegging og gjennomført basert på innspill fra Nærmiljøprosjektet.

Ny balansepark i sentrum er på plass. Dette er første byggetrinn i planen om en større aktivitetspark i sentrum.

To av skolene våre har fått nye nærmiljøanlegg med allsidige møte- og aktivitetsområder hvor alle kan delta.

Ny apejungel ved sentrumsskole er planlagt realisert våren 2019.

Alle disse prosjektene er prioritert fordi dette bidrar til gode bo- og oppvekstmiljø hvor alle kan delta på sine premisser. Anleggene er initiert av skolen gjennom involvering av elever og foreldre.

Under planlegging er også bedre trafiksikkerhet langs skoleveg. Barnetråkkregistreringene viste at barna ved to skoler opplevde skolevegen meget trafikkfarlig. På bakgrunn av dette og trafiksikkerhetsplanen har kommunalteknisk tjeneste utarbeidet plan for tiltak.

Hvordan har nærmiljøprosjektet påvirket ditt arbeid – og hvilken betydning vil det ha framover?

BERIT SKJEVLING: For meg har erfaringen med tverrsektorielt samarbeid i Nærmiljøprosjektet vært meget bra. I en liten kommune, ofte med kun `en person på hvert fagfelt, sitter vi ofte alene, og det er tungt å drive større medvirkningsprosesser på egen hånd. Prosjektmidler har gitt mulighet for deltakelse på seminarer og jeg har fått økt kunnskap om ulike medvirkningsmetoder, dette har vært nyttig.

Gjennom medvirkningsprosesser i Nærmiljøprosjektet opplever jeg at vi har fått et bedre kunnskapsgrunnlag for planer og tiltak. I medvirkningsprosessene for kommuneplanens arealdel fikk vi innspill fra flere grupper enn de som tradisjonelt deltar på bygdemøter. Blant annet var barnetråkk og ungdomsråd viktige bidragsyttere fra barn og unge. Tilbakemeldinger fra politikere og ledelsen, om medvirkningsprosessene i både leke- aktivitetsanlegg og kommuneplanens arealdel, har vært entydig positive.

Tidspress og manglende erfaring/rutiner/støtte har ofte gjort det vanskelig å gjennomføre bred medvirkning tidligere. Det er også tungt å drive dette alene. Jeg håper at de gode erfaringene fra Nærmiljøprosjektet vil bidra til endring. I tillegg til støtte og rutiner mener jeg det er behov for egen ressurs på dette i kommunen. Jeg tror også det hadde vært en fordel med mer formaliserte og tverrsektorielle samarbeidsgrupper i planarbeidet enn det vi har hatt tidligere.

STÅLE REFSTIE: Jeg føler at Nærmiljøprosjektet har gjort to ting klarere for meg. For det første har jeg blitt mer bevisst på kvalitetene i nærmiljøet vårt, hva folk setter pris på, og hvor mye de setter pris på det. Slik har jeg fått mye til ettertanke og mange innspill om hvordan vi kan utvikle nærmiljøet vårt slik at Sunndal blir triveligere for oss som bor her og folk som flytter hit. Dette gjelder både fysiske anlegg og tilrettelegging for møteplasser og sosiale aktiviteter. Slik innsikt har jeg selvfølgelig med meg i det politiske arbeidet.

For det andre har jeg lært mye om medvirkning, og vært med på å ta i bruk nye metoder for å få ulike befolkningsgrupper i tale. Disse metodene bruker vi nå bevisst i kommunens planprosesser. Slik når vi grupper som ikke har deltatt i tradisjonelle plan- og høringsprosesser, og langt flere kommer til orde. Dette gir kommunen svært nyttige innspill når vi skal planlegge, og kommunen blir mer målrettet og treffsikker når vi skal prioritere og utforme tiltak og tjenester. Slik medvirkning er også viktig for lokaldemokratiet. Det er et fåtall som deltar i tradisjonell parti- og lokalpolitikk. Gjennom god medvirkning får langt flere god og nødvendig påvirkning på hvordan kommunen drives og lokalsamfunnet utformes. Økt medvirkning gir økt medbestemmelse, og det er bra.



Berit Skjevling

Arealplanlegger i Sunndal kommune.



Ståle Refstie

Ordfører i Sunndal kommune.

Ulstein kommune

Innbyggartal: 8596

Prosjektleder:

Kjersti Vengen Jensen

E-post:

kjersti.vengen.jensen@ulstein.kommune.no

Telefon: 952 72 742



Foto: Berge Myrene

Bakgrunn for deltaking	Organisering	Betre kvalitative utfordrings-oversikter	Betre kunnskap om kva som bidrar til livskvalitet og trivsel
Hovudmålet med prosjektet er å skape helsefremjande lokalsamfunn der alle, uansett alder og bakgrunn, har ein attraktiv møtestad for fysisk aktivitet og sosialt samvær. Ein ser at ved å utvikle eksisterande og naturlege møtestader kan ein samstundes oppgradere skulane sine uteområde, slik at det blir ein vinn – vinn situasjon. Det er stort fokus på brukarmedverknad og sjølve prosessen der ein ønskjer å myndiggjere og ansvarleggjere brukarar. Ei kvalitativ kartlegging med grundig elevmedverknad er naudsynt. Det er svært sjeldan at barn og unge får vere med i planleggingsprosessar då dei ikkje har stemmerett, eller møter til folkemøter mm. I Ulstein kommune sin Levekårsplan 2013-2020 står det i Handlingsplan under tiltak - fysisk miljø: at ein skal «Utvikle kreative og stimulerande uteområde ved skulane våre som innbyr til leik og aktivitet».	Leiing av prosjektet var først knytt til stillinga som vikar for folkehelsekoordinator (2015/2016). Deretter vart det oppretta 30 prosent stilling som prosjektleder frå august 2016 til desember 2018. Prosjektet ligg under rådmann, prosjektleder rapporterer til assisterande rådmann. Det er Helse- og omsorg som finansierer stillinga. Styringsgruppe som var etablert ved oppstart er opplyst av ulike årsaker som sjukdom, svangerskapspermisjon, pensjon og nye stillingar. Næraste samarbeids-partnarar no er folkehelsekoordinator og assisterande rådmann. Ei prosjektgruppe for Sentrumsparken vart oppretta hausten 2018. Her sit representantar frå Ulsteinvik barneskule, Ulstein Eigedomsselskap, kommunale føretak, gartner og folkehelsekoordinator.	Prosjektet ønskjer ein vil gje ei systematisk oversikt over møtestadene og uteområda, ved dei ulike grunnskulane i kommunen. Kartleggingane gjev eit kunnskapsgrunnlag for kommunale prosessar på tvers av einingane. Kommunen får eit innblikk i dei ulike skulane sine nærmiljø, korleis lokalbefolkninga har det og kva dei meiner gjev høgare livskvalitet. Kunnskap frå prosjektet blir brukt som bakgrunnsmateriale i folkehelseoversikta, arealplanen og KIF planen. Det har vore eit generelt fokus på uteområde, noko som gje lokalt engasjement til bruk av friluftsområde og generelt lågterskel friluftslivsaktivitetar. Barns stemme er eit kunnskapsgrunnlag som kan nyttast i fleire samanhengar. Medlemskap i Friluftsrådet, kartlegging av friluftsområde, Skjærgårdsteneste og lokale avgjerder ved skulane sine uteområde er ringverknader frå prosjektet vårt.	Punkta under er på generelt grunnlag henta frå brukarmedverknaden. Dei enkelte lokalmiljøa har både ulike og like meningar om kva som gjev betre trivsel og livskvalitet, og viser at individuelle og tilpassa tiltak er like viktige som generelle tiltak. Sosiale møteplassar, folk vil gjerne ha ein møtestad utandørs der ein kan møtast på tvers av alder, kjønn og bakgrunn. Variasjon i aktivitetar, fleirbruk, trygge uteområde som er opplyst på kveldstid, tilgang for alle (universell utforming). Muligheit for matlaging ute for å bli kjend med andre kulturar, også på tvers av generasjonar. Tilgang til aktivitetsområde for alle, universell utforming, slik at alle kan delta eller vere til stades der det skjer. Rennande vatn, både visuelt og auditivt, skapar rolegare atmosfære. Stille område er ønska frå folk i alle aldrar. Ønskjer seg nyskapande aktivitetar, som til dømes bilbane for radiostyrte bilar, stillheitsgrotte.



Medverknad	Grunnlag for tiltak	
Kommunen ønskjer at brukarmedverknad frå barn og unge skal vere eit verkemiddel og ei tilnærming for å kunne løyse samfunnsmessige problemstillingar. Metodar for medverknad har blitt tilpassa brukargruppene. For å nå flest og breiast har vi nytta ein kombinasjon mellom innleidde konsulentar og bruk av eigne metodar, både for gjennomføring og utvikling av nye. Vi har også samarbeidd med Demokrati og kommunikasjon på rådhuset. Vi har hatt medverknads-aktivitetar for spesifikke grupper, til dømes alle elevar ved alle skulane, og inviterte frivillige lag og organisasjonar. Vi har også invitert til ope møte gjennom lokalavisa, og vi har fått svært mange tilbakemeldingar gjennom Facebook ved bruk av dronefilm. Vi har hatt brukarmedverknad både innanfor og utanfor organisasjonen, og på denne måten også informert og forankra tiltaka godt. Metodar retta mot ulike grupper er sett i samanheng med til dømes Barnetråkk og Ungdata.	Det er stort behov for uformelle og lågterskel møtestader lokalt. Vi har mange tilflyttarar frå ulike land. Vi vil legge til rette for integrering, identitetsskaping, tilhøyrslø, sosialt nettverk, redusere sosial ulikskap i helse, ved å utvikle møtestader for lågterskel fysisk aktivitet for alle. Vi ønskjer å legge til rette for at fleire blir fysisk aktive, uansett alder og bakgrunn. Vi ønskjer høgare bruk av eksisterande uteområde til fysisk aktivitet og sosialt samvær. For å få dette til vil vi oppgradere desse uteområda i tråd med kva lokalbefolkninga ser som helsefremjande, og som gjev auka trivsel og bulyst. Ved å oppgradere eksisterande møteområde i krinsane og i sentrum, får ein samstundes oppgradert skulane sine uteområde, som er samanfallande.	

Workshop for Sentrumsparken med frivillige lag og organisasjonar. Ordførar Knut Erik Engh nr. 2 frå venstre.
Foto: Kjersti Vengen Jensen

Vegard Sæter Gurskevik, rektor ved Ulsteinvik barneskule

1. Nærmiljøprosjektet har vore ei gylden moglegheit til å setje utemiljø, læring og aktivitet på dagsorden. Skulen har stort behov for fornying og rehabilitering av uteområdet. Sentrumsparkprosjektet har gitt oss moglegheiter til å sjå nye løysingar, ikkje minst ser vi at ein kan få til eit attraktivt område midt i sentrum som knyt saman skuleområdet, Ulstein Arena og Ulsteinvik sentrum på ein god måte.

2. Arbeidsforma har sikra god involvering frå skulen sine rådsorgan. Eg opplever at det er vilje til å få til noko, ikkje minst bør ein nytte sjansen til å sjå utbygginga av skulen og sentrumsparkprosjektet i samanheng.

Verner Larsen, assisterande rådmann

1. Prosjekta knytt til skulane har skapt aktivitet i alle deler av kommune, ikkje berre i sentrum. Det er positivt, og det er etterspurt. Dei har aktivisert breidt og engasjert innbyggjarar og nye grupper på ein positiv måte.

Proessen og presentasjonen, spesielt knytt til sentrumsparken, var god. Den var forankra innover i skulen, og den skapte engasjement med innspel frå utsida. Den todelte presentasjonen til skulen og til publikum via biblioteket var svært vellukka.

Prosessane har vore ulik i størrelse og omfang men dei har vore godt organisert og ført oss vidare på ein god måte. Proessen knytt til uteområdet på barneskulen må vi samordne med utbyggingsprosjektet. Parallell planlegging var ein viktig del, så får vi sjå korleis vi kan realisere det.

2. Skal vi skape engasjement i planlegging og gjennomføring av tiltak må vi legge praktisk til rette for dialog og medverknad, vi må arbeide med saker som er viktige for folk, og vi må levere konkrete resultat. Det arbeidet som er gjort her oppfyller desse krava. Eg trur det har vore ei positiv oppleving for mange som har deltatt, vi har fått til nokre konkrete resultat og vi har fått eit skisseprosjekt på sentrumspark som vi kan arbeide vidare med.



Foto: Per Eide



Foto: Per Eide

Volda kommune

Innbyggartal: 9241

Prosjektleder:

Regine Solberg Aklestad

E-post:

regine.solberg.aklestad@volda.kommune.no

Telefon: 476 65 648



Ungdomsrådet i Volda. Foto: Regine S. Aklestad

Bakgrunn for deltaking	Organisering	Betre kvalitative utfordrings-oversikter	Betre kunnskap om kva som bidreg til livskvalitet og trivsel
Etter innføring av ny folkehelselov i 2011 utarbeida Volda kommune i 2014 ein statusrapport med oversikt over helsetilstanden til befolkninga og positive og negative faktorar som kan verke inn på helsetilstanden. Kunnskapsgrunnlaget var basert på tal frå nasjonale og regionale statistikkbankar, i tillegg til innhenting av erfaringar frå ulike sektorar i kommunen. Det var i liten grad aktiv medverknad frå innbyggjarane i denne prosessen. Deltaking i kartleggings- og utviklingsarbeidet <i>Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse</i> vart sett på som eit steg vidare i høve å opparbeide seg kompetanse og utvikle nye metodar for aktiv medverknad med innbyggjarane. Volda kommune har konkludert med at tidleg innsats er svært viktig med tanke på god helse, og ynskte å ha særleg fokus på barn og unge i prosjektet.	Planleggar frå sektor for Utvikling har vore prosjektleder, i nært samarbeid med folkehelsekoordinator. Volda kommune har gjennomført ulike delprosjekt i prosjektperioden, og lokale arbeidsgrupper har vore etablert og tilpassa dei ulike delprosjekta undervegs. Møre og Romsdal fylkeskommune har hatt det regionale prosjektlederansvaret, og Volda kommune har delteke på ein rekke samlingar med andre kommunar i fylket i regi av fylkeskommunen. Høgskulen i Volda har vore ein viktig samarbeidspartnar i fleire av delprosjekta. Prosjektet har m.a. involvert studentar og tilsette ved barnehagelæruddanninga og planlegging- og administrasjonsutdanninga. Kommunen har også hatt praksisstudentar frå høgskulen i prosjektperioden.	I delprosjektet "Melding frå dei unge" lagde ungdomsrådet eit dokument med innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel. Dokumentet tek for seg tema som m.a. «klima og miljø» og «folkehelse». Dokumentet vart overrekt og presentert for kommunestyret, og har vore nytta som grunnlag for kommuneplanen. I delprosjektet «Barn og medverknad» vart barnehage- og barneskuleborn involvert i arbeidet med å sette ord på spørsmålet «kva er eit leikeområde med kvalitet?». Kunnskap frå prosjektet har vore nytta i arbeidet med å lage ein rettleiar for leike- og aktivitetsområde i kommunen. I barnetrakkregistreringa har born og unge kartlagt m.a. skuleveggar og kvar dei opphelder seg på fritida. Registreringa vert m.a. nytta som grunnlagsdokument til arealdelen og trafikktryggingssplanen, men vert også vist til i søknader om tilskot og i handsaming av enkeltsaker.	Fleire av delprosjekta har retta seg mot ulike typar leike- og aktivitetsområder i kommunen, og ein har fått auka kunnskap om korleis eksisterande områder vert nytta, kven som nyttar dei, kvar dei er plassert og kva som vert sett på som kvaliteter ved dei ulike områda. I delprosjektet «Barn og medverknad» har ein fått auka kunnskap om korleis barn og unge nyttar uteområda knytt til barnehagar og skular, og kva dei ser på som kvaliteter ved områda. Dette er sett saman med kunnskap og forskning kring temaet. I delprosjektet «kartlegging av nærturterreng nytta av barnehagar i Volda» har ein sett på ikkje berre uteområda direkte tilknytt barnehagebygga, men også turområda som ligg i gangavstand frå barnehagen. Slike turområde i gangavstand frå barnehagen er viktige for kvaliteten på det pedagogiske arbeidet, og påverkar både trivsel og barna sin utvikling.



*Modellbygging i
prosjekt «Her&No
Åslidkråpet». Foto:
Regine S. Aklestad*

Medverknad	Grunnlag for tiltak	Kompetansebygging med utdannings-institusjonar
Gjennom deltaking i prosjektet har kommunen fått auka kompetanse på ulike typar medverknadsprosessar, og trening i å gjennomføre desse i praksis. Ved å gjennomføre dei ulike medverknadsprosessane har ein fått auka kunnskap om barn og unge sine meiningar, kvar dei oppheld seg på fritida, kva dei ser på som kvaliteter med nærområda sine o.a. Modellbygging, oppgavehefte, barnetråkk, intervju, teikning og omvising er nokre av medverknadsmetodane som har vore nytta og utforska i prosjektperioden. Gjennom deltaking i prosjektet har ein også arbeidd på tvers av sektorar i administrasjonen, med lokale aktørar og med frivillige. Dette har vore ein god erfaring å ta med seg vidare, og er ein avgjerande metode for å lukkast i folkehelsearbeidet.	Alle delprosjekta har vore direkte knytt til arbeid med kommuneplanen (arealdel og samfunnsdel) eller andre pågåande prosessar. Kunnskapen har vore nytta aktivt på ulike måtar. Barnetråkkregistreringane vert t.d. nytta som grunnlagsdokument til arealdelen og trafikktryggingssplanen, men vert også vist til i søknader om tilskot til sykkeltiltak i kommunen, og i handsaming av enkeltsaker. Kunnskap frå fleire av delprosjekta er nytta i arbeidet med «Rettleiar for leike- og aktivitetsområde» og «Sjekkliste for uteområde tilknytt kommunen sine barnehagar». I desse dokumenta er medverknadsprosjekta knytt opp til anna fagkunnskap, forskning og litteratur på området. Dokumenta skal ligge til grunn for kommuneplanen sin arealdel og framtidig utvikling av leike- og aktivitetsområde.	Høgskulen i Volda er ein viktig faginstans og ressurs i lokalmiljøet, og har vore nytta som ein ressurs på fleire måtar i prosjektperioden. I delprosjektet «Her&No Åslidkråpet» var to praksisstudentar (mellom andre tilknytt media-linja) involvert i både planlegging, gjennomføring og marknadsføring. I prosjektet «Barn og medverknad» arrangerte høgskulen og kommunen, ein konferanse med eksterne foredragshaldarar. Konferansen var m.a. for barnehagelærarstudentar og planleggarstudentar. I etterkant hadde nokre av studentane prosjektarbeid tilknytt temaet, inkludert feltarbeid. I «Barnetråkk-prosjektet» hadde ein praksisstudent frå høgskulen ansvar for rapportskriving. Nærmiljøprosjektet har på ulike måtar bidrege til eit styrka samarbeid mellom høgskulen og kommunen.

Rettleiar for leike- og aktivitetsområde

I samband med all utbygging er det krav om areal til leik og aktivitet for barn og unge, og kommunen har sakna gode retningslinjer for lokalisering og utforming av desse. Rettleiaren er meint som eit supplement til krava i arealdelen, og gir ein meir utfyllande omtale av krav og retningslinjer.

MÅL FOR PROSJEKTET

- Medverke til tydelegare retningslinjer for leike- og aktivitetsområde i kommunen
- Medverke til å auke kvaliteten på leike- og aktivitetsområda i kommunen
- Inspirere og gi gode døme til innhald og utforming av leike- og aktivitetsområde

INVOLVERTE

- Planleggarar
- Folkehelsekoordinator
- Sektor for opplæring og oppvekst
- Teknisk sektor, eigedom

METODE

Kunnskap frå ulike medverknadsprosjekt og forskning på området er samla og presentert i dokumentet «Rettleiar for leike- og aktivitetsområde». I arbeidet med rettleiaren har ein forsøkt å ha fokus på korleis ein kan etablere leike- og aktivitetsområde *med kvalitet*. Dokumentet tek opp tema som medverknad, leikeapparat og installasjonar, gjenstandar og materialar, tryggleik, terreng, vegetasjon o.a. Dokumentet inneheld også krav til nær- og kvartalsleikeplassar, og er nytta som grunnlag for krav og retningslinjer i arealdelen.



LENKE

<https://indd.adobe.com/view/cd24f9eb-23d0-4716-8f15-fb21448fbc2b>

Melding frå dei unge

Volda kommune heldt på med rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel, og ynskte innspel frå born og unge i kommunen til denne. Resultatet vart eit trykt hefte; «Melding frå dei unge – innspel frå barn og unge til kommuneplanen for Volda 2016–2018», som vart overrekt kommunestyret og administrasjonen.

MÅL FOR PROSJEKTET

- Samle innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel frå born og unge i Volda.
- Engasjere ungdomsrådet i spørsmål om korleis ein ynskjer å utvikle kommunen.
- Gje ungdomsrådet høve til å påverke og delta i politiske prosessar.

INVOLVERTE

- Volda kommune v/folkehelsekoordinator, koordinator for ungdomsrådet og planleggar
- Ungdomsrådet i Volda (11 representantar).
- Rektorar, tilsette og elevar ved Volda vgs., Volda ungdomsskule, Folkestad skule, Dalsfjord skule, Ungdomsklubben, frivillige lag og organisasjonar.

METODE

Representantane i ungdomsrådet fekk utdelt oppgavehefte, med spørsmål knytt til dei åtte hovudtema i samfunnsdelen. Ungdomsrådsrepresentantane stilte spørsmål til klassen sin, elevrådet eller andre, og tok med seg svara til møta i ungdomsrådet. Kommuneplanen var tema på seks møte i ungdomsrådet. På møta presenterte representantane kvar sine innspel, dei diskuterte innspela, og valte ut dei viktigaste eller mest gjentakande funna. Innspela vart samla i rapporten "Melding frå dei unge. Innspel frå barn og unge til kommuneplanen for Volda 2016–2018". Rapporten vart trykt opp, og overrekt rådmannen og kommunestyret på eit kommunestyremøte.

LENKE

<https://www.volda.kommune.no/f/p39/ia71b3c61-5425-4653-8b78-4858eb9eea2d/innspel-fra-ungdomsradet.pdf>



Jørgen Amdam, ordfører

Korleis har du vore involvert i prosjektet?

Eg har blitt løpande orientert om prosjektet i form av presentasjonar i formannskapet og ved å delta på konferansar, møte, foredrag og prosessar i regi av prosjektet. Arbeidet i prosjektet har blitt positivt motteke av formannskap/planutvalg.

Korleis har nærmiljøprosjektet påverka ditt arbeid?

Prosjektet har i stor grad påverka dei politiske prosessane når vi har drøfta perspektiv og løysingar knytt til arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Spesielt gjeld det barnetrakk-registreringa, like eins drøftingar med omsyn til lokalisering av framtidige skular og barnehagar.

Korleis trur du deltaking i prosjektet vil påverke kommunen sin måte å arbeide på framover?

Prosjektet viser at vi må sjå framtidige løysingar for barn, unge og eldre i eit større perspektiv. Vi må ta tydelegare politiske grep for å fremme folkehelse og meir bærekraftige løysningar. Det er utarbeidd registreringar og/eller rettleiarar for leikeplassar, friluftsområde, uteområde, barnetrakk m.m. og som er drøfta og vedtekne politisk som grunnlag for vidare planlegging.

Innbyggartal: 10868

Prosjektleder:

Ingvild Endal

E-post:

ingvild.endal@orsta.kommune.no

Telefon: 917 65 389




Foto: Marius Beck Dahle

Bakgrunn for deltaking	Organisering	Betre kvalitative utfordrings-oversikter	Betre kunnskap om kva som bidrar til livskvalitet og trivsel
Ørsta kommune vil styrke fokus på barn og unge sin medverknad i høve oppvekstmiljø, jf. FN sin barnekonvensjon og Fylkesmannen si satsing «Betre oppvekst for alle barn i Møre og Romsdal». Kunnskap om barn og unge har vi i hovudsak frå statistikk og kunnskapsoversikter. Eit mål med å delta i Nærmiljøprosjektet var derfor å teste ut metodar for medverknad blant barn og unge som gir kvalitativ kunnskap om dei registerdata vi alt har og med det forstå konteksten for statistikken betre. Eit anna mål var å få meir kunnskap om kva som fremjar trivsel blant barn og unge. Vidare skulle metodane vi testa ut ha overføringsverdi til andre kommunar. Nærmiljøprosjektet er kopla til pågåande plan- og utviklingsprosessar, og vi har i alt gjennomført seks delprosjekt. Informasjon og kunnskap frå delprosjekta er innspel til planar og utviklingsprosessar.	Prosjektet er leia av folkehelsekoordinatoren, som store delar av prosjektperioden også har vore barne- og ungerepresentant. Samarbeidet har vore tett med samfunnsplanleggaren. I dei ulike delprosjekta har ein samarbeida med aktuelle fagseksjonar som barnehage, skule, planavdeling, Frisklivsentralen og Ørsta ungdomsråd (politikarar). I to av delprosjekta har vi samarbeida med Høgskulen i Volda. Aktuelle brukargrupper er involverte i alle delprosjekta og omfattar barn og unge i aldersgruppa 4 – 19 år. Deltakarar er rekrutterte frå barnehagar og barneskular i Ørsta sentrum, alle tre ungdomsskulane i kommunen, og vidaregåande skule i Ørsta sentrum. Politikarar er særleg involverte i delprosjekt om Draumbileta til ungdomar i Ørsta kommune.	DRAUMBILETA TIL UNGDOMAR I ØRSTA Ungdata-kartlegginga var bakgrunn for dialog med Ørsta ungdomsråd der føremålet var å få forståing for konteksten til resultata. Saman med ungdomsrådet utvikla vi eit medverknadsopplegg som involverte alle elevane på 9. trinnet. Ein animasjonsfilm etter idé og manus av ungdomsrådet vart også laga. Filmen handla om venskap og relasjonar blant ungdom med utgangspunkt for elevane sine skildringar av korleis dei har det når Ørsta er den aller beste staden å vekse opp, og kva ein kan gjere for å få det slik. I skildringa av sitt draumbilete melder ungdomane at det som er viktig for dei er inkluderande miljø på skulen og i fritida, gode møteplassar utanom organiserte fritidsaktivitetar og som det er lett å kome seg til, og eit godt busstilbod. Kunnskapen ligg til grunn for «kommunedelplan levekår», revisjon av folkehelseoversikt og kommunal planstrategi.	ØRSTA SENTRUM Barn og unge sin bruk av Ørsta sentrum har vore tema i tre delprosjekt; Vidareutvikling av Vikeparken, Favorittstadar, og Barn og unge sin bruk av urbane sentrumsområde. Barn og unge frå 4 – 19 år har medverka. Metodikkar har vore dialog, synfaring, idéverkstadar, kartleggingar i regi av barna sjølve og bruk av sosio-romleg metodikk. Vi har fått kunnskap om konkrete område barn opplever som utrygge i trafikken, og at idrettshallen og kjøpesenteret er favorittstadar. Vi fekk også vite at barn og unge i liten grad brukar sentrum. Det dei held fram som viktig for at dei skal trivast er variasjon i aktivitetar og tilbod, at sentrum er innbydande og estetisk og med kunst og kulturtilbod. Barn og unge er opptatt av mangfald i nærmiljøa sine. Kunnskapen er nytta i Utviklingsplan for Ørsta sentrum, ny områdeplan for sentrum, og i Trafikktryggingplan.



Foto: Marius Beck
Dahle

Medverknad	Grunnlag for tiltak	Kompetansebygging med utdannings-institusjonar
Vi har nytta etablerte medverknadsmetodar tilpassa aldersgruppene, og justert i høve problemstillingane vi ønska svar på. Eit resultat er at vi har fått auka praktisk erfaring frå ulike medverknadsmetodar. Eit anna resultat er at vi har fått god røynsle i å omdanne rådata frå medverknaden til kunnskap, som kan nyttast i planar og avgjerder. APP Delprosjekt App er etter idé frå elevar ved Ørsta ungdomsskule om korleis Frisklivsentralen kan fremje helse til ungdomar. Utgangspunktet var ein app for ungdomar om fysisk aktivitet, kosthald, sunne oppskrifter, turar med QR-kode mv. Appen skal også vere eit verktøy for medverknad i kommunalt plan- og utviklingsarbeid. Appen er under utvikling i samarbeid med elevar på ungdomstrinnet. Her vil mobilbasert teknologi nyttast til å skape engasjement og deltaking inn mot eit vidt spekter av planar, prosessar og helsefremjande tiltak.	Nokre av innspela som har kome fram gjennom Nærmiljøprosjektet er alt omsett til konkrete tiltak i nærmiljøet, som trafikkmerking ved skulane på Velle, med egne soner for gåande og syklande. Alle delprosjekta har kvar på sine vis gitt kunnskap som kan omsettast til konkrete tiltak i nærmiljøet; Delprosjekta knytt til Ørsta sentrum har gitt oss meir kunnskap om fysiske tiltak som kan gjere ulike sentrumsområde og byrom meir attraktive for barn og unge. Delprosjektet Uteområde ny Ørsta vidaregåande skule har gitt oss kunnskap om korleis skulen sitt uteområde kan verte attraktivt for undervisning i skuletida men også som ein del av bybildet og som aktivitetsområde for innbyggjarane utanom skuletida. Draumbileta til ungdomar i Ørsta har gitt oss kunnskap om både fysiske og psykososiale faktorar som er viktig for at ungdom skal trivast og ha det bra.	Høgskulen i Volda har vore samarbeidspart i Draumbileta til ungdomar i Ørsta, og Uteområde ny Ørsta VGS. Ein student frå høgskulen har skrive bachelor oppgåve om Draumbileta, og ein annan student er i gang med masteroppgåve om effekten av medverknaden ungdomane har delteke i. UTEOMRÅDE NY ØRSTA VGS Delprosjektet handlar om korleis utemiljøet ved ny vidaregåande skule kan fremje trivsel og inkludering blant elevane, og korleis skulen sitt uteområde kan nyttast utanom skuletida. Gjennom ulike medverknadsopplegg har ein fått kunnskap om at elevane er opptatt at å vere sosiale utandørs og sitte under tak. Omgjevnadane må vere fine. Mange ønskjer at uteområdet skal vere tilrettelagde for aktivitetar og ha tilknytning til sitteplassar. Resultata vert innspel til den fylkeskommunale prosjektgruppa som prosjekterer ny vidaregåande skule.

Samarbeid og kunnskap

Vi vil løfte fram to ting som vi er særns nógde med i Nærmiljøprosjektet. Det første er samarbeid med ungdomar i to delprosjekt i alt frå planleggingsfasen av medverknadsopplegget til sluttrapportering. Det andre er kunnskapen vi har fått etter arbeid med rådata frå alle delprosjekta, som kan nyttast i planar og avgjerder.

SAMARBEID MED UNGDOMANE

I det første prosjektet som gjaldt Ungdata var inkludering av ungdomar gjennomgåande i heile prosessen frå planlegging, gjennomføring, rapportering til innspel i Kommunedelplan for levekår. Ungdomsrådet var ein sentral samarbeidspart. I dialogen med ungdomsrådet var maktlikevekt og likeverd viktig, og å trygge ungdomane på at dei er ekspertar på å vere ungdomar, medan vaksne ikkje har ekspertise på dette feltet og at vi derfor ønska og trengde å lytte til dei. Ved å vere medvitne på å spørre «kvifor» til det dei delte fekk vi ei meir sannferdig skildring av ungdomsmiljøet. Vi opplevde å få ei betre forståing for Ungdata-resultata og eit godt samarbeidsklima med ungdomsrådet.

Involvering av ungdomar i utforming av sjølv medverknaden var viktig for å tilpasse at opplegget skjer på deira premissar. I det første prosjektet vart det mellom anna produsert ein kort animasjonsfilm, der manus vart utarbeida av ungdomsrådsrepresentantane basert på Ungdata resultata. I det andre prosjektet som gjaldt uteareal ved ny vidaregåande skule tenkte ein i utgangspunktet å nytte sosiale media noko ein gjekk bort ifrå etter tilbakemelding frå ungdomane. Desse tilbakemeldingane er verdfulle og gjev oss muligheit til å justere opplegget og dermed aukar sannsynet for å treffe målgruppa.

I det første prosjektet har både ungdomsrådet og ungdomskuleelevar lagt fram resultat for levekårutvalet. Til desse møta har rolla til administrasjonen vore å utarbeide presentasjonar og/eller rapportar for ungdomane som dei nyttar i møtet med politikarane. Tilbakemelding frå ungdomsrådet har vore at dei set pris på samarbeidet. Administrasjonen opplevde også at det var ein meningsfylt måte å jobbe på – det å legge til rette for at ungdomane får merksemd og formidlar det som er viktig for dei til politikarane. Det var tydeleg at møta mellom ungdomane og politikarane har vore gjensidig positive.

I det andre prosjektet var det eit mål at medverknaden ikkje skulle ta av undervisningstimar, og derfor vart infrastruktur med elevstyre, skulemiljøutval og elevråd nytta. Her nådde ein alle elevane i faste basistimar, som i utgangspunktet vert nytta til at elevane kan ta opp ulike ting i klassa for å fremje eit godt læringsmiljø. Elevrådsrepresentantane fekk opplæring i medverknadsopplegget og ansvar for gjennomføring i sine klasser. Resultata vart presentert og overlevert frå elevrådsrepresentantane til konsulentfirma, Ørsta kommune og skuleleiinga. Dei fleste elevane gav uttrykk for at det var

kjekt å bli involvert og at opplegget var bra.

KVA KUNNSKAP HAR VI FÅTT?

Som illustrasjonen syner er det gjennomført seks delprosjekt knytt til tre hovudtema. Det er innhenta mange innspel på kva som er viktig for barn og unge i alderen 4-19 år.



I hovudtema Ørsta sentrum har vi identifisert område barn og unge opplever seg utrygge i trafikken. Blant favorittstadane er idrettshallen og kjøpesenteret i sentrum. Mange er opptatt av at sentrum skal tilby ulike typar leikeapparat og aktivitetar, kiosk og familierestaurantar. Likeeins at ein skal finne benkar og sitteplassar, og at det er pynta med til dømes blomar og statuar. Nokre ting i materialet er meir overraskande, som at førskulebarna tenkte heilskapleg om utforming av Vikeparken der både aktivitetar og det estetiske var med. Vidare at kulturtilbod i form av museum og bibliotek er noko elevar på 5. – 7. trinnet ønska seg i sentrum. Ei anna overrasking er funnet frå den sosio-romlege kartlegginga, om at barn og unge i liten grad brukar og oppheld seg i Ørsta sentrum, men at dei beveger seg gjennom sentrum med bestemte mål for auge, som t.d. idrettshallen.

I hovudtemaet Ungdata er eit inkluderande miljø både i skuletida og på fritida viktig for ungdomane så dei kan vere seg sjølv, kan gå i dei klede ein vil og seie kva dei meiner og at dette vert respektert av med ungdomar. Vidare er gode møteplassar utanom dei organiserte fritidsaktivitetane og eit godt busstilbod viktig for dei.

Det som er viktig for ungdomane i hovudtema innovasjon og utvikling er tilrettelagt område for aktivitet som inkluderer sitjeplassar, gode sosiale møtestadar, kunne sitte under tak, tilrettelagt for variasjon av aktivitetar som t.d. basket, motorsykkel, trimapparat.

Oppsummert har vi fått denne kunnskapen om kva faktorar som fremjar trivsel og livskvalitet hos barn og unge i alderen 4 – 19 år:

- Tilrettelegging for uorganisert fysisk aktivitet
- Tilrettelegging for uformelle sosiale møtestadar
- Trivelege omgjevnader med blommar og grøntareal
- Trygg og funksjonell infrastruktur for gåande og syklande
- Godt busstilbod
- Inkluderande psykososialt miljø både i skule- og fritida

Vi har sett korleis samarbeid med ungdomar alt i planleggingsfasen av medverknaden har vorte gjort i to av delprosjekta i Ørsta, og at dette har vore sentralt for å treffe med opplegget for målgruppa. Vi opplever å ha fått verdfull kunnskap om faktorar som fremjar trivsel og livskvalitet hos barn og unge i kommunen, som kan nyttast i planar og avgjerder.

Gunnar Wangen, avdelingsleiar plan- og miljøavdelinga

Korleis har nærmiljøprosjektet påverka ditt arbeid?

Det har gitt større tilfang av informasjon og kunnskap om barn og unge sin vilkår og interesser i Ørsta sentrum, dette har også hatt konkrete verknadar som syner igjen i planarbeidet for sentrum.

Kva vil det bety for måten å arbeide framover?

Dette avheng av samarbeidet vidare med folkehelsekoordinatoren. Planavdelinga treng hjelp til å gjere slikt fleire gongar, og ønsker gjerne å gjenta dette når det ligg til rette for det. Vi har sett at dette let seg gjere, at vi kan få til meir enn vi kanskje trudde i utgangspunktet spesielt med føreskulebarn. Vi har vorte meir medvitne på kor vidt det går an å få til denne typen medverknad, og har vorte enno meir opne for denne måten å jobbe på.

Toril Romestrand Hjelle, rådgjevar skule

Eg må vel melde at nærmiljøprosjektet ikkje har påverka mitt arbeid i særleg stor grad. Eg har vore deltakar i nokre møte, og har synest prosessen har vore interessant. Om noko, har arbeidet mint meg på at medverknadsprosessar også må femne born og unge, særleg i saker som gjeld dei. Og at deira stemme kjem tydelegare fram dersom dei får medverke i godt planlagde og strukturerte prosessar som gjer det tryggare å meine noko.



Gunnar Wangen

Ålesund kommune

Innbyggertal: 48115

Kontaktperson:

Ingvill Karin Holmen

E-post:

ingvill.karin.aarskog.holmen@alesund.kommune

Telefon: 454 18 869



Foto: Ålesund kommune

Bakgrunn for deltaking	Organisering	Betre kvalitative utfordrings-oversikter	Betre kunnskap om hva som bidrar til livskvalitet og trivsel
Deltakelse i prosjektet var basert på vedtak i bystyret og påfølgende strategi og tiltak i kommuneplan i 2014: «Byutvikling- og miljøkomiteen ønsker at fremtidige folkehelse rapporter i sterkere grad kan identifisere folkehelseutfordringer rent geografisk. På den måten kan vi få et enda bedre grunnlag å planlegge og ta gode beslutninger og prioriteringer i folkehelsearbeidet.» Kommuneplanens handlingsdel: Strategi 1.5.2: «Kommunen skal utvikle en kultur og gode metoder for medvirkning fra innbyggerne». Tiltak 1.5.2.1: «Levekårsundersøkelse gjennomføres på sonenivå med påfølgende medvirkning fra lokalbefolkningen som blir valgt ut.»	Prosjektet ble initiert og ledet av folkehelsekoordinator som sitter i rådmannens stab, team helse og velferd. Det ble ikke etablert styrings- eller arbeidsgruppe, men flere deler av administrasjonen har vært involvert i arbeidet. Særlig har team plan og utvikling og virksomhet kultur vært bidragsyttere med planlegging og gjennomføring av ulike tiltak. Prosjektleder har stått fritt til å be om at det avsettes ressurser fra andre avdelinger.	Vi har delt Ålesund inn i 28 soner, og brukt Kompas levekårs modul for å få frem geografiske forskjeller i levekår. Levekår defineres ved hjelp av 26 levekårsindikatorer som omfatter sosiale forhold, økonomi, demografi, innvandring, flytting, helsetilstand, utdanning og arbeidsledighet (SSB). Resultatene fra undersøkelsen skal ligge til grunn for videre medvirkning med lokalbefolkningen, planarbeid, fordeling av ressurser og utvikling av tjenestetilbudet i Ålesund kommune. Medvirkningen med lokalmiljøet bestemmer hva som blir satt i gang av tiltak.	Ålesund kommune har gjennom prosjektperioden gjennomført flere andre prosjekt hvor målsettingene har vært sammenfallende med Nærmiljøprosjektet. Prosjektleder har derfor bidratt i arbeidsgrupper for bl.a. "gateterminalen", "europeisk mobilitetsuke", ungdomseminar og ungdomskonferansen 2018 "fra kunnskap til handling".



Foto: Jens Arne
Gjørsvik

Medverking	Grunnlag for tiltak	Kompetansebygging med utdannings-institusjonar
Felles for de tidligere nevnte prosjektene er at de baserer seg på stor grad av samhandling med innbyggere, næringsliv og frivillige organisasjoner. Prosjektene har vært preget av tverrfaglig samarbeid og forankring i flere kommunalområder. Prosjektene har fungert som arena for utvikling og testing av nye metoder i medvirkningsarbeid, som byutviklings- og mobilitetskontor i gågata, fullskala testing av ny gateterminal, og medvirkningsopplegg med medielinja ved Ålesund VGS i forbindelse med ungdomskonferansen 2018.	Levekårssonene Skarbøvika, Vestre, Midtre og Østre Aspøy, samt Sentrum utgjør et større område med som skiller seg signifikant fra gjennomsnittet i Ålesund. Det finnes ikke indikatorer i levekårsundersøkelsen som måler helsetilstand utover dødelighet. Fra «Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2017-2021»: «...soner med opphopning av negative levekårsindikatorer må prioriteres med offentlige tiltak som fremmer folkehelse gjennom handlingsdelen i kommunedelplanen, turstier, parker/torg, lekeplasser og andre nærmiljøanlegg til egenorganisert aktivitet, samt ordinære anlegg.»	Underlagsmateriale i oversiktsdokument over folkehelse. Overføring av metode og perspektiv til Nye Ålesund.

Kompetansebygging i samarbeid med Høgskulen i Volda

Kompetansebygging i samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunar og regionale utdanningsinstitusjonar har vore eitt av delmåla i Nærmiljøprosjektet. Eit krav for at fylkeskommunen skulle få midlar frå Helsedirektoratet til deltaking i Nærmiljøprosjektet, var at det vart inngått samarbeidsavtale med ein regional utdanningsinstitusjon. Møre og Romsdal fylkeskommune inngjekk slik avtale med Høgskulen i Volda, HVO.¹

Møre og Romsdal fylkeskommunen og Høgskulen i Volda har over relativt lang tid samarbeidd på folkehelseområdet. Mellom anna har HVO på ulike måtar bidratt i God Helse-partnerskapen og i Helse i plan (eit prosjekt som Møre og Romsdal var med i frå 2006-2010). Såleis bygger samarbeidet

i Nærmiljøprosjektet på eit allereie etablert samarbeid. Tilsette ved HVO kjenner det regionale og lokale folkehelsearbeidet i Møre og Romsdal godt, og fylkeskommunen veit kva Høgskulen i Volda kan bidra med. Det har vore eit svært godt utgangspunkt for samarbeidet om kompetansebygging i Nærmiljøprosjektet.

Kompetansebygginga har gått føre seg i eit samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunar og utdanningsinstitusjonar. Det har ikkje vore slik at det berre er høgskulen som har bidrege med faglege innspel og vurderingar overfor fylkeskommunen og kommunane. Det nye, som ein har fått til gjennom Nærmiljøprosjektet, er at studentane er involverte i større grad enn det som har vore tilfelle tidlegare. Det har vore mogleg å få til, mellom anna fordi samarbeidet har vore knytt til eit prosjektarbeid med konkrete aktivitetar/tiltak som skulle gjennomførast, til dømes medverknadsprosessar.

Samarbeidet har skjedd på fleire måtar. Høgskulen i Volda har vore med på alle nettverksamlingane i Møre og Romsdal, der dei har bidrege med faglege innlegg og gitt tilbakemeldingar på arbeidet i kommunane. Studentar har vore involverte i innsamling av data, mellom anna gjennom kartleggingar av uteområde i tilknytning til skular og barnehagar. Tilsette i kommunane har vore gjesteforelesarar ved HVO, og tilsette ved høgskulen har formidla erfaringar frå Nærmiljøprosjektet i si undervisning. Samarbeidet har også handla om at folk frå kommunane har bidrege i undervisning og andre aktivitetar ved høgskulen, og erfaring frå Nærmiljøprosjektet har hatt ein viktig funksjon med tanke på utviklinga av innhaldet i ulike studieemne ved høgskulen.

Samarbeidet i Nærmiljøprosjektet har også gått føre seg ute i enkelte deltakarkommunar, og ikkje minst ved at studentar ved HVO på ulike måtar har vore direkte involverte i Nærmiljøprosjektet, eller har brukt erfaringar frå Nærmiljøprosjektet i studentarbeid. Tekstboksen på neste side er ei samla oversikta over samarbeidsaktivitetar i Nærmiljøprosjektet.



Høgskulen i Volda har evaluert Nærmiljøprosjektet i Møre og Romsdal på oppdrag frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Rapporten finn du her;

[Regional evaluering av Nærmiljøprosjektet](#)

¹ Nokre av kommunane, mellom dei Giske og Ulstein har også brukt andre kompetansetilbod, anten fordi dei har samarbeidd med desse tidlegare og/eller fordi andre kompetansetilbod har kunnskap på tema som Høgskulen i Volda ikkje har. Erfaringane med desse samarbeida er positive.

¹ Nokre av kommunane, mellom dei Giske og Ulstein har også brukt andre kompetansetilbod, anten fordi dei har samarbeidd med desse tidlegare og/eller fordi andre kompetansetilbod har kunnskap på tema som Høgskulen i Volda ikkje har. Erfaringane med desse samarbeida er positive.

Aktiviteter i samarbeidet mellom fylkeskommunen, kommunane og Høgskulen i Volda

- Samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunane og Høgskulen i Volda om kva som er føremålstenleg å ta opp på dei regionale nettverkssamlingar for kommunane
- HVO har besøkt alle kommunane og hatt samtalar med prosjektleiarane
- HVO har vore med på politiske møte i fire av kommunane (levekårsutval, formannskap, komité for oppvekst og kultur, komité for helse og omsorg)
- Representantar frå HVO har hatt innlegg på møte i kultur- og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune – tema var å formidle resultat frå Nærmiljøprosjektet, med spesiell vekt på kompetansebygging som del av prosjektet
- Høgskulen har vore i dialog med kommunane undervegs i prosjektet, og gitt tilbakemelding og innspel til kommunane på førespurnader dei har hatt, mellom anna om dokumentasjon av folkehelsearbeid, om medverknadsprosessar m.m.
- Samarbeid mellom Volda kommune og høgskulen om konferansen *Barn og medverknad* –deltakarkommunane vart spesielt inviterte, men konferansen var open for alle
- HVO har hatt innlegg på arrangement og politiske møte i Sunndal, Volda og Ørsta kommunar. Der tema var:
 - Kva kan ein utdanningsinstitusjon som Høgskulen i Volda bidra med i Nærmiljøprosjektet?
 - Om Nærmiljøprosjektet og resultat frå evalueringa
 - Folkehelse og lokalt politisk ansvar
 - Helsefremming og førebyggjande arbeid i eit levekårsperspektiv
 - Samskaping – kva roller kan kommunen ha?
 - Forankring og samarbeid på tvers
- Samarbeid mellom eit utval tilsette i Ørsta kommune og representantar for ungdomsrådet om korleis arbeide vidare på resultat frå Ungdata
- Studentar frå planleggarutdanninga og barnehagelærarutdanninga ved Høgskulen i Volda har vore involverte i samarbeid med Volda og Ørsta kommunar og deltatt på konferansen *Barn og medverknad*
- Nærmiljøprosjektet har bidrege til samarbeid mellom tilsette ved planleggarutdanning og barnehagelærarutdanninga ved høgskulen
- Studentar ved Høgskulen i Volda har vore med i kartlegging av Barnetråkk i Volda. Kartlegginga inngår i planarbeid i kommunane, og studentane har presentert sine arbeid i eit seminar.
- HVO har vore i dialog med fleire av kommunane, mellom anna med tanke på korleis dei kan dokumentere – særleg overfor politiske organ – arbeidet som vert gjort i Nærmiljøprosjektet.
- Prosjektleiarar og andre, som er involverte i Nærmiljøprosjektet i kommunane, har undervist på fleire emne ved utdanningane ved høgskulen, både på bachelornivå og masternivå.
- Studentar ved Høgskulen i Volda har delteke på mange konferansar og møte i regionen, der temaet har vore relevant for nærmiljøutvikling og helsefremmande lokalsamfunn. Plankonferanse, folkehelsekonferanse m.m.
- Ein student ved høgskulen i Volda har skriva bacheloroppgåve om eit delprosjekt i Nærmiljøprosjektet, og ein student er i gang med ei masteroppgåve som bygger på delprosjekt i Nærmiljøprosjektet

På nettverksamlingane, som fylkeskommunane har hatt region på, har kommunane fått melde inn tema som dei har hatt behov for å diskutere og få meir innblikk i. Tema som har vore særlege viktige for prosjektleiarane å få faglege bidrag frå HVO på har vore: medverknad, metodiske spørsmål,

bearbeiding og analyse av data, å forstå kva eit kunnskapsgrunnlag kan vere, og korleis ein må jobbe for å få eit godt kunnskapsgrunnlag. Elles har det vore stor variasjon i tema som har vore oppe på dei regionale nettverkssamlingane, jf. tekstboksen som følgjer.

Tema på nettverkssamlingar i Nærmiljøprosjektet i Møre og Romsdal

- | | |
|---|---|
| – Lokalsamfunnsutvikling | – Metode - systematisering og dokumentasjon av data/informasjon |
| – Kommunen som samfunnsutviklar | – Frå kunnskap til handling |
| – Medverknad og medverknadsprosessar | – Forankring og samarbeid på tvers |
| – Prosessleiing og relasjonsbygging | – Samskaping |
| – Prosjektleiing | |
| – Utfordringar i Nærmiljøprosjektet i Møre og Romsdal | |

Prosjektleiarane i deltakarkommunane framhevar at samarbeid om kompetansebygging har vore sentralt for å gi dei lokale prosjekta framdrift og god retning, og for å heve kompetansen på folkehelsefeltet i kommunane. Dei meiner også at samarbeid med ein utdanningsinstitusjon gir arbeidet legitimitet i kommunane, både hos politikarar og den administrative leiinga. Kommenterar frå nokre av prosjektleiarane illustrerer desse synspunkta:

Det eine er det faglege legitimiteten. Høgskulen i Volda er med, gir tyngde til prosjektet. Den teoretiske bakgrunnen og bidraga er nyttige. Det er nesten ei utdanning for oss i det. Vi får auka kompetansen vår.

Det å lære seg å stille dei rette spørsmåla for å finne i god retning på delprosjekta og på medverknadsprosessane, har vore svært nyttig.

Når studentane kan gå ut i felt så får kommunen gjort mykje på ein dag, og det sparar kommunen for ressursar. Det krev tid å lage oppgåver til studentane, ha førelesing og følgje opp. Men det gjer noko med mitt arbeid også: når eg skal lage opplegg og forelesingar, så må eg tenke meg om med tanke på kva eg gjer og eg må vurdere arbeidet eg gjer på ein 'ny' måte.

Studentar ved Høgskulen i Volda, både frå planleggarutdanninga og barnehagelæruddanninga, har vore involverte i Nærmiljøprosjektet gjennom å bidra i medverknadsprosessar i Volda og Ørsta kommunar. I begge desse utdanningane er medverknad sentralt. Deltaking i eit slikt prosjekt har gitt studentane nyttig erfaring med medverknadsprosessar i praksis, og erfaringane har vore grunnlag for skriftlege studentarbeid. Det er ein god måte å kople utdanning og praksisfeltet på.

Kommunane meiner det har vore eit godt grep at utdanningsinstitusjonar har vore knytte til Nærmiljøprosjektet. Høgskulen i Volda har kompetanse på mange av dei tema som prosjekta i Møre og Romsdal har lagt vekt på, og høgskulen har difor kunne bidratt fagleg. Dessutan har kunnskap frå Nærmiljøprosjektet generelt og dei ulike lokale delprosjekta, vorte formidla til studentar på utdanningane ved HVO, gjennom forelesingar, rettleiing og anna aktivitet.

Erfaring frå Nærmiljøprosjektet i Møre og Romsdal viser at det er svært føremålstenleg å bruke konkrete prosjekt eller andre aktivitetar, som utgangspunkt for kompetansebygging i samarbeid mellom kommunar, fylkeskommunar og utdanningsinstitusjonar. Generell kompetansebygging er sjølvstendig også viktig, og kan skje mellom anna gjennom samarbeid om utvikling av studieemne, både i grunnutdanningane og i etter- og vidareutdanningane ved Høgskulen i Volda. Men med tanke på å drive utviklingsarbeid regionalt og lokalt, og særleg for å kunne involvere studentar, er konkrete aktivitetar, tiltak, utviklingsarbeid og planarbeid ein god måte å samarbeide om kompetansebygging på. Erfaring frå samarbeid om kompetansebygging i Nærmiljøprosjektet er eit godt døme på det.

Utdanningsinstitusjonane kan bidra med fagleg hjelp og støtte knytt til ulike tema, utforming av prosjekt, prosesskompetanse og evaluering. Utdanningsinstitusjonar har kunnskap om prosjektdesign, finansiering, metode og medverknad. Reine forskingsinstitutt har også slik kompetanse, men utdanningsinstitusjonar har i tillegg ansvar for utdanningar, som i mange tilfelle utdannar for yrke og sektorar som bør ha kjennskap til måtar å jobbe på som er sentrale i Nærmiljøprosjektet. Såleis har det vore eit godt grep at det er utdanningsinstitusjonar som har vore samarbeidspartar.

For utdanningsinstitusjonar, som Høgskulen i Volda, er denne typen samarbeid svært relevant for samfunnsoppdraget som høgskulen har. Høgskulen har erfart at samarbeidet i Nærmiljøprosjektet har bidrege til kompetanseheving både hos fagtilsette og studentar. Samarbeidet har vore utgangspunkt for FoU-arbeid, og det har bidrege til å heve kvaliteten utdanningane. Studentaktiv og praksisnær læring er viktig i høgre utdanning, og studentane si involvering i delaktivitetar i Nærmiljøprosjektet er gode døme på korleis nettopp det kan leggst til rette for. Kompetansebygging i samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og praksisfeltet er føremålstenleg for å redusere gapet mellom teoretisk kunnskap om eit fenomen - t.d. om regionalt og lokalt folkehelsearbeid - og praksis.



Møre og Romsdal fylkeskommune

Postboks 2500, 6404 Molde (postadresse)
Julsundvegen 9, 6412 Molde (besøksadresse)

Tlf: 71 28 00 00
E-post: post@mrfylke.no
Web: mrfylke.no